

Fra: Asbjørn Nagell Toft (asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)

Sendt: 13.12.2017 13:48:24

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Tale Halsør

Emne: Forslag til Miljøprisen for Hordaland 2017

Vedlegg: strandrydding i Austrheim.pdf

Miljøprisen for Hordaland 2017

Austrheim kommune vil foreslå at Miljøprisen for Hordaland 2017 vert tildelt organisasjonen Neptun pensjonistklubb. Dette som heider for det omfattande miljøarbeidet denne organisasjonen med sine eldre medlemmar i samarbeid med born og unge har gjort med strandrydding i og rundt Austrheim kommune i 2017. Marin forsøpling er et alvorleg globalt miljøproblem som særleg rammar Norge og kystkommunane på Vestlandet og Nord-Norge. Organisasjonen Neptun har gjort noko med det i 2017.

Grunngjeving:

Neptun tok i februar 2017 initiativet til ein storaksjon mot plasurreining i strandsona i Nordhordland. Medlemmane her tok eit stort koordineringsansvar i forhold til skular, lag, organisasjonar og enkeltpersonar i dette arbeidet. Først kartla Neptun kor strandsøppelet var i fjærer og strender. Dei gjennomførte fleire møte med renovasjonsselskapet i regionen NGIR og Austrheim kommune for å få til ei effektiv innsamling og transport av plastsøppel som vart rydda opp. Neptun avtalte også med ein rekkje småbåteigarar som ville hjelpe til med å transportera elevar og andre ut til ryddeområda. I tillegg fekk dei med seg medlem og eigaren av lastebåten «Evjegris» med på dette praktiske ryddearbeidet.

Medlemmane i Neptun har utmerka seg i heile 2017 sterkt i det praktiske arbeidet med å få effektivt opp marint søppel og plast på strendene. Totalt har organisasjonen samla om lag 2% av det totale plastsøppelet som vart samla opp i heile Norge i 2017. Om lag 24 tonn med plast vart samla opp i deira regi. Neptun har hatt eit einestående samarbeid med renovasjonsselskapet NGIR, Austrheim kommune og innbyggjarne våre i dette ryddearbeidet. Leiaren deira Idar Hopland presenterte på eit møte den 16. november 2017 på Akvariet i Bergen korleis Neptun hadde organisert og gjennomført ryddearbeidet i 2017. Det var Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og «Hold Norge Rent» som inviterte Neptun til å halda dette føredraget (*presentasjonen i pdf-fil er vedlagt*).

Organisasjonen Neptun har hatt med seg born og ungdomar frå to vidaregåande skular, to barne- og ungdomskular og to barnehagar. Totalt har det vore med om lag 630 born og unge i alderen 5-18 år i dette strandryddearbeidet i 2017. I tillegg har Neptun bidratt til at mange andre vaksne og lag har vore med på det omfattande dugnadsarbeidet med strandryddinga i Austrheim i 2017. Tidlegare har medlemmer i laget her bidrege sterkt med oppryddinga av oljesølet med båten Server som forliste i 2007.

Organisasjonen Neptun mottok økonomisk støtte frå tre havbruksselskap i 2017, men også frå Miljødirektoratet. Neptun sitt engasjement gjorde sitt til at Austrheim kommune engasjerte seg både administrativt og økonomisk i dette ryddearbeidet. Den pedagogiske verknaden på born og unge i forhold til praktisk miljøarbeid som dei eldre medlemmane i Neptun har gjort saman med dei kan ikkje undervurderast!

Den praktiske og økonomiske støtta og det vellykka ryddearbeidet i 2017 har gjort at medlemmane i Neptun har bestemt at organisasjonen skal fortsetja med ryddearbeidet i nært samarbeid med skular, barnehagar, lag og privatpersonar også i 2018.

Austrheim kommune meiner at organisasjonen Neptun fortener å få Miljøprisen for Hordaland 2017.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar